

Vår ref.:
20/01295-10

Vår dato:
24.11.20

Referat IDF - møte 8/20 (23.11.2020)

Dato og møtets varighet: 23.11.2020, kl. 12.30 – 15.00 på Zoom.

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Berit Rokne	Rektor
Gunnar Yttri	Påtroppande rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR
Linn Melby Meyer	HR rådgjevar / referent

Arbeidstakar:

Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne (bisittar)
Kari Smørås Brakstad	Parat
Wenke W. Jortveit	Parat (bisittar)
Kristin Lofthus Hope	Forskerforbundet
Tone Skjerdal	NTL
Torill Irene Olesrud Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund
Karin Bell	Hovudverneombod

Sakliste

FASTE PUNKT

32/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER –

33/20 Saker til styremøte

Rektor Berit Rokne og påtroppande rektor Gunnar Yttri deltok i møte for å gå igjennom styresakene.

56/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

57/20 Godkjenning av revisjonsinstruks og revisjonsplan for 2021

Rektor innleia kort om saka.

NTL stiller spørsmål om tema knytt til internrevisjon og gjennomføring av revisjon av «oppfølging og gjennomføring av styrevedtak» hausten 2021, og stiller spørsmål om kva som er tenkt her.

Rektor viser til at dette er internrevisjon som er uavhengig av HVL sin styringslinje, men at styreleiar er kontaktperson for internrevisjon. Rektor kan ikkje svare på kva sin skal vere i fokus her utanom det som allereie er nemnt i saka.

58/20 Budsjett 2021

Rektor innleia kort om saka.

FF har fleire punkt til diskusjon i saka. For det første er auka råde til fakulteta klokt og bra, då fakulteta blir målt på studentproduksjon, problemstillinga er at økonomien til fleire av fakultet er på ein negativ trend og den gjeldande budsjettmodellen gjer at meir/mindreforbruket vert overført til neste periode. Ein ser også problemstillingar knytt til tildeling av FOU tid etter gjeldande retningslinjer skaper ulikheiter på tvers. Stiller spørsmål om det burde vere lik strategisk utvikling for fagtilsette, då spesielt 1. stillingar knytt til FOU tid.

Rektor viser til at det er den gjeldande budsjettmodellen som gjeld for fakulteta, det vert ingen endring av dette no. For FOU tid er det tildeling etter sentrale retningslinjer, men ein må finne ein balanse på fakulteta, då dette også er knytt til undervisningsverksemda ved HVL.

FF viser til at det i styresaka vert rapportert eit mindreforbruk i administrasjonen knytt til at ein ikkje tek inn vikar for langtidsjukemelding og tilsette i fødselspermisjon. Dette er uheldig då det fører til auka arbeidsmengde på dei som er på jobb, og kan igjen føra til nye sjukemeldingar. Stiller spørsmål om HVL har ein fornuftig intensjon for bruk av vikarar der det er behov?

Organisasjonsdirektøren viser til at dette er eit budsjettdokument. Dette er ikkje eit policydokument som beskriv bruk av vikarar ved sjukemeldingar. Ansvarlege leiararar gjer komplette vurderingar av behovet ved einingane. Dokumentet slik det er lagt fram no, viser kva mindreforbruket i administrasjon omhandlar.

FF stiller også spørsmål knytt til digitalisering og kompetanseutvikling. Viktig at det ikkje berre handlar om verktøy men om vidare opplæring av løysingar og utvikling av digital kompetanse. Organisasjonsdirektøren er einig. Kompetanseløft er viktig. Mykje handlar om digitalisering, viser til etablering av ALU som i vår og haust har bidrege til å gi auka kompetanse i HVL, men ser potensiale for vidare løft for tilsette.

59/20 Forlenging av midlertidig forskrift om studium og eksamen ved HVL

Rektor orienterer kort.

Hovudverneombod stiller spørsmål om det blir endringar i praksis som følge av dette. Viser til EU direktivet som ikkje kan fråvikast.

Rektor viser til at det er arbeid sentralt og forskrift frå KD som no er ute til høyring. Mogleg at dette er ei problemstilling som vert skissert. UHR er tett kopla på her.

60/20 Rapport om opptak 2020/ Studentrekruttering

Rektor orienterer kort.

61/60 Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptakssammer ved HVL for studieåret 20/21

Rektor orienterer kort.

UDF stiller spørsmål om vedlegg 1, rektorvedtak om fordeling av studieplassar. Kvifor fordeler dei andre fakulteta studieplassar til alle campus, medan FLKI kun fordeler til campus Bergen?

Rektor viser til at vedtaket er knytt til dei nye studieplassane som vart gitt i haust som vart gitt med nokre føringar frå KD. Det er fakulteta som har gjort vurderinga om kor studieplassane skal plasserast. Det viktigaste punktet var å sette studieplassane i virke raskt og at fakulteta gjorde vurderingar utifrå dette.

UDF viser til at det er uheldig at det har vore manglande medverknad ved FLKI knytt til denne saka. Stiller spørsmål om korleis prosessen har vore, og om dei har inkludert fagmiljøa i disse diskusjonane? FF og Akademikerne viser til at det i prosessen ved FØS og FIN har vore ei gjennomgang av studieporteføljen på ID-møta. FF støtta UDF og sa vidare at dette er ei sak som er viktig på fakultetsnivået. HTV har fått melding om at denne saka er ikkje drøfta på FLKI. Saker som er viktig for dei tilsette skal bli tatt opp til drøfting på fakulteta, og vi varslar om at dette er eit brot på tilpassingsavtalen og hovudavtalen som rektor må ta vidare med fakultetet.

I saksframlegget viser UDF til at det for studieåret 20/21 berre skal vere mindre endringar i studieporteføljen for FLKI, men viser til at det ved ein skilde årsstudium er store endringar eller nullopptak. UDF stiller spørsmål til prosessane knytt til nullopptak og mindre endringar bryt med forskrifta knytt til studium og eksamen i høve medverknad.

Rektor kjenner ikkje til korleis prosessane har vore, det er fakulteta som ha halde i desse prosessane og viser til dei i høve til kva type medverknad som har vore.

I tilknytning til dette lurar NTL på kor institusjonsnivået skal vere inne i ei slik sak. Viser til ny tilpassingsavtale og stiller spørsmål om korleis prosessane er mellom institusjonsnivå og fakultetsnivå. Saka om studieportefølje er viktig for mange tilsette og kva dette vil ha for konsekvensar for campus.

Rektor viser til at faglege diskusjonar knytt til studietilbod vert gjort utifrå ei rekke vurderingar. Det må vere ein fakultetsdiskusjon då det er der mykje av kompetansen ligg. Saka kjem samla til styret for ei overordna vurdering.

Rektor viser til at ein vil sjå på arbeidet kring saka og tydeleggjere korleis prosessane har vore både på fakultet og fellesnivå til styremøtet.

Hovudverneombod viser til at manglande medverknad og medbestemming påverkar også arbeidsmiljøet. Viser til at det er viktig å halde gode prosessar gjennom heile systemet.

62/60 Modell for meritering av undervisarar ved HVL

Rektor innleia kort om saka.

FF viser til at dette er ei ordning som er pålagd oss, og som vi som institusjon må følgje opp. Ynsker at organisasjonen gjev tilbakemelding til KD når dei innfører slike nye ordningar, må ein etablere felles løysingar på korleis dette vert gjennomført, i staden for at det vert ulike ordningar på tvers av institusjonar. Det er utfordringar med slike utmerkingar, det må ligge gode kriterium til grunn for å vurdere fagtilsette frå ulike disiplinær i same organisasjon. Viser også til at det er viktig å kunne evaluere ordninga.

FF stiller spørsmål kva slags belønning det ligg i forslaget. Rektor viser til at det vil bli gitt to lønnstrinn til den ein skilde tilsette og ein eingongssum til fagmiljøet på kr. 100 000.

FF viser til at kostnaden på eitt lønnstrinn er ulikt i lønnstabellen, og ein en burde sjå på det samla. Det må også gå fram at det i Staten er to hovudtariffavtalar der den eine avtalen ikkje har lønnstrinn, kronebeløpet må her vere tydeleg.

63/60 Plan for prosess – organisatoriske/ strukturelle endringar før ny åremålsperiode

Rektor innleia kort om saka.

FF viser til at ein går inn i ein ny åremålsperiode der ein vurderer nye organisatoriske endringar. Det er viktig med gode prosessar i organisasjonen og med organisasjonane også fram til utlysingar av stillingar. FF er positive til at ein ikkje går i gang med fakultetsstrukturen på dette tidspunktet.

I alternativa er det viktig å sjå på ansvarsområde og rollefordeling mellom prorektorar og viserektorar, men også forholdet mellom viserektorar og fakulteta, FF er usikre på om nye prorektorar og evt. Viserektor vil løyse så mange problem internt, men kanskje eksternt. Dette er vurderingar som må gjerast før utlysing av stilling. Stiller spørsmål om viserektorar blir leiarar utan noko omland?

Rektor viser til at det er viktig å sjå på avgrensingar av roller, leiarar har framleis leiaransvar på tvers, men at må sjå ein heilskapleg leiing og legge opp styringslinje etter dette.

NTL er skuffa over prosessen, som til no berre har bestått av leiarintervju i utviklinga av kva alternativ ein no skal bestemme seg for. Tillitsvalde manglar moglegheit til å gjennomføre prosessar i eigen organisasjon før sak til styret om vidare vegval skal avgjerast. Men det er i organisasjonane store forventningar om tydeleg campusansvar, dette vil ikkje bli godt nok ivareteke dersom ein viserektor skal ha ansvar for fleire campus i same nærregion.

UDF problematiserte i førre runde i IDF møte at saka ikkje hadde utgreiingar. Dette står i kontrast til at det i august vart sagt at det skulle vere gode involveringar i organisasjonen for å skape eigarskap og forankring. UDF viser til at alternativ 1 er eit steg i riktig retning, då det er viktig å skilje mellom geografi og fagområde.

Hovudverneombod viser til at ei slik organisering vil vere meir topptung utan moglegheit for at vernetenesta og tillitsvalde har vore involvert.

Rektor viser til at det er mange dilemma kring ei ny organisering. Men ser at det er viktig å oppheve nærregionansvaret frå fagområde. Nødvendig å hente inn riktig kunnskap på dette. Det er positive og negative sider med begge alternativa som er presentert. Men intensjonen er å bygge HVL på ein god måte.

FF oppfordrar til å sjå godt igjennom alternative om korleis ein kan få til ein struktur som støttar leiarstrukturen, men at den ikkje lagar større nivåforskjellar enn det som trengst i strukturen.

NTL etterlyser samanheng i leiarstrukturen knytt til campus. Dette er ein intern bit som er heilt avgjerande for at vi skal komme oss vidare, dersom ein ikkje får til ein eller anna form for campusansvarleg person har ein ikkje lukkast.

Påtroppande rektor viser til han vidare i arbeidet må ta med seg kommentarar knytt til prosess, medverknad og medråderett. Prosessen skissert i saka, viser til medverknad i organisasjonen fram mot utsynging av stillingane. Framlegget slik det no ligg føre er ei konkret justering av modellen vår. Dersom vi lukkast med den vil diskusjonane fram mot utlysing vere viktig.

Organisasjonsdirektør følgjer opp med å vise til at det er krevjande å finne den riktige og gode balansen av medverknad. Det er mykje som ligg til styret å bestemme.

64/20 Forlanga sensurfrist – eksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi

Rektor orienterer kort.

O-50/20 – Årshjule for styret ved HVL 2021

Rektor orienterer kort.

O-51/20 – Løypemelding Campusutviklingsprosjekt

Rektor orienterer kort.

O-52/20 – Løypemelding prosjekt Livslang læring i HVL

Rektor orienterer kort om innhaldet i saka.

O-53/20 – Internasjonaliseringsmelding HVL 2020

Rektor orienterer kort om innhaldet i saka.

UDF etterlyser ei operasjonalisering i meldinga som er lagt fram. At det blir meir tydeleg på korleis ein kan rapportere på arbeid som er gjort.

UDF viser også til at ordet berekraft vert nytta i overskrifter, men utan noko substans i arbeidet.

O-54/20 – Oppfølging av internrevisjonsrapport om varsling av kritikkverdige forhold

Rektor orienterer kort om innhaldet i saka.

Hovudverneombod stiller spørsmål om kvifor vernetenesta ikkje er kopla opp i dette arbeidet.

Organisasjonsdirektør viser til at dette er ei orienteringssak til styret. Vernetenesta vil bli kopla på i planlegginga og det vidare arbeidet av denne saka.

O-55/20 – Digitalisering – erfaringar og plan vidare

Rektor orienterer kort om innhaldet i saka.

O-56/20 – Orienteringar frå rektor

Rektor vil orientere kort om status på koronasituasjonen.

Parat stiller spørsmål om det er bestemt at det vil vere praksis om heimekontor ut året.

Rektor viser til planen slik vi har rigga oss i dag, er slik vi vil ha det ut året dersom ein ikkje får nye føringar som påverkar dette.

Rektor vil orientere styret om AFF rapporten knytt til krise og beredskapsarbeidet og handtering av koronasituasjonen for perioden mars til juni. FF ønskjer å få tilsendt rapporten som eit formelt brev til organisasjonane, og stiller spørsmål korleis ein skal nytte tilbakemeldingane i arbeidet vidare?

Organisasjonsdirektøren viser til at dei gode konstruktive tilbakemeldingane skal bli nytta i det arbeidet vidare. Arbeidet er avgrensa til leiarar og dei første tre månadene av arbeidet. Det er blitt betre systematikk på beredskapsarbeidet.

FF melder også om skjermtrøttheit blant studentar og tilsette. Det er utfordringar i organisasjonen knytt til den digitale tida vi er inne i. Mengda digitale møter har auka, viktig at ein vert flinkare til å avhalde gode strukturerte digitale møter. Oppmodar om at fagtilsette treng tid til å lage undervisningsmateriell som kan vere engasjerande.

Rektor viser til at det er mange utfordringar knytt til skjermtrøttheit. Gode råd er viktig. Må berømme det vi får til.

Hovudverneombod minner om at ein må hugse på dei tilsette sine psykososiale forhold på heimekontora. Viktig å oppmode til kjekke innspel i løpet av arbeidsdagen. Arbeidssituasjonen er også viktig, må finne ei løysing der både studentar og tilsette kjem saman på ein god måte.

NTL ønskjer at tillitsvalde er med i drøftingar før ein bestemmer vidareføring av ordningar knytt til koronasituasjon. Tillitsvalde må vere med i diskusjonen om kva som er lurt å gjere no. Rektor tek med seg innspela vidare.

34/20 Eventuelt

UDF har stilt spørsmål om evaluering av senterstrukturen, kor er prosessen på dette?

Rektor viser til at det vert arbeid med å finne ein prosess på dette og ei prosedyre på korleis det skal gjennomførast.

NTL stiller spørsmål om avtale om beredskapsvakt i helg. Saka har vore drøfta men skulle denne ha vore forhandla sidan det er ei avtale,

Avdelingsleiar HR viser til HTA som seier at ein skal drøfte ordning for beredskapsvakt. Men at det skal inngåast avtale om tillegget. Det blir difor lagt opp til ei prosess der alle med partsrett etter HTA blir inkludert.

I avtalen skal det spesifiserast når tilsette må vere tilgjengeleg, samt kompensasjon for dette.

NTL viser til at HINN har utarbeidd ein slik avtale som vart forhandla 20.11.

UDF etterlyser lister over nyttilsette og slutta. HR rådgjevar viser til at lista vil bli lagt inn i teams under partssamarbeid. Dette vil også bli teke opp som sak i første IDF møte etter jul.

FF stiller spørsmål om mogleg oppmuntring til tilsette, sidan alle julearrangement no vert avlyst. Viser til gåvekortet som var gitt i sommar. Organisasjonane er samde i dette, stiller spørsmål om det er aktuelt, kan ein støtte næringslivet kring oss og sende ei god helsing til dei tilsette?

UDF stiller spørsmål om midlar velferdsutvalet har delegert ut til leiarane, vert desse midlane borte over nyttår? Avdelingsleiar HR viser til at det vert dei, men speler inn forslaget frå organisasjonane.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.